

FAKTAARK

Fredingsgjennomgangen i Telemark

Riksantikvaren starta i 2006 det landsdekkjande prosjektet Fredingsgjennomgangen. Før prosjektet blir slutført i 2012, skal kvart fylke ha gått gjennom alle fredingsvedtak frå perioden 1923-1979 og ha presisert omfanget av, formålet med og innhaldet i fredingane.

Fredingsgjennomgangen i Telemark omfattar om lag 190 bygningar fordelte på om lag 115 anlegg. Totalt omfattar prosjektet på landsbasis om lag 1900 bygningar fordelte på om lag 920 anlegg.

FRÅ SKJERGARD TIL VIDDE

Telemark fylke har svært variert landskap som strekkjer seg frå skjergard og lågtliggjande jordbruksland i søraust, gjennom dalar og skogar mot fjell og vidde i nordvest. Ferdselsårene har gått ved dei store elvene og innsjøane innover i dalane, og langs desse linene er òg busetjinga mest konsentrert.

I forhistorisk og historisk tid har ressursar i utmark som jakt og jernutvinning, samt brynestein frå Eidsborg vore viktige handels- og eksportvarer. Skien fikk status som by i 1358, men var allereie frå 900-talet eit viktig knutepunkt i handelen med brynestein. Frå 1500- og 1600-talet var trelast den dominerande eksportvaren frå Telemark. Det vart òg etablert fleire jernverk på denne tida. Kontinentale kjøpmannsfamiliar etablerte seg i distriktet og tok med seg kulturimpulsar utanfrå.

BYGGJESKIKKEN

Det er nokre regionale forskjellar i byggjeskikken mellom Vest- og Aust-Telemark, men felles hovudtrekk er svalgangsstover og loft i to høgder med omkrinsande sval, ofte jamsides med eit bur i ei høg (vetlebur).




Foto: Unn Yilmaz © Riksantikvaren

Vakker treskurd omkring dør og glugge på loftet på Kleivi i Seljord. Arbeidet skal vere utført av den kjente handverkaren Jarand Åsmundsson Rønjom i 1783.

Tun i Telemark

Det finst fleire døme på rekketun i Vest-Telemark, der loft og bur står på rekke med låve og eit eller fleire fjøs. Stovebygningen er gjerne plassert ovafor rekka, med stallen og eldhuset i den kortaste enden av tunet. Badstue og smie ligg i god avstand utanfor tunet. Det opne firkanttunet er vanleg i heile Øvre Telemark. Vi finn òg mange fellestrekk med byggjeskikken i Setesdal og Numedal i utforminga av bygningane. I Nedre Telemark finn ein større embetsmannsgardar og herregardar som er prega av firkanttun, og nyare skikkar som midtgangshus.

Bur og loft

Bur og loft er ofte dei einaste bygningane på garden som ikkje er moderniserte eller skifta ut med nyare bygg. Buret er ein eldre bygningstype enn loftet. Bura i Telemark er gjerne eittroms bygningar med forsval i ei høg. Spesielt for Aust-Telemark er det såkalla "vengeburet", som har svalgang på tre sider. I buret vart det først og fremst oppbevart mat som mjøl og korn, flatbrød, røykt og salta kjøt, men det vart òg oppbevart selety og reiskapar.

Loftet vart teke i bruk på 1200-talet og skal vere den fyrste bygningstypen som vart bygd i to høgder. Loftet vart difor den fremste statusbygningen på garden.

Riksantikvaren er direktorat for kulturminneforvaltning og er fagleg rådgjevar for Miljøverndepartementet i utviklinga av den statlege kulturminnepolitikken. Riksantikvaren har og ansvar for at den statlege kulturminnepolitikken blir gjennomført og har i denne samanheng eit overordna fagleg ansvar for det arbeidet fylkeskommunane og Sametinget har med kulturminne, kulturmiljø og landskap.



TELEMAR
FYLKESKOMMUNE

Fyrste høgda (bursdelen) vart brukt til oppbevaring av mat, medan andre høgda (loftsdelene) var oppbevaringsrom for kister med verdisaker og klede på hjellar oppunder taket. Andre høgda var òg overnattingsrom for gjester og brurepar. Loftet sin status som gjestebygning vart etter kvart overteke av "ivistog" (oppstue) eller ei gjestestove bygd til seinare. Funksjonen som lagerbygning og sovestad om sommaren vart vidareført, noko ein ser ved at dei veggfaste sengene i loftsrommet ofte er behaldne, saman med mjølkasser og hyller i bursrommet.

Svalgangstovene

Sidan mellomalderen har stovebygningen vorte endra frå ei eitt-, to- eller treroms årestove, til treromsstove i ei eller to høgder med peis, jarnomnar og vindauger. Stovene i Vest-Telemark har tradisjonelt svalgang på langsida, medan svalgangen på stovene i den austre delen av fylket ofte dekker gavlsida i tillegg til halve langsida. Innerst i svalen på gavlsida låg "kåmåren", eller doen.

Stoveinteriøret følgjer eit fast mønster der peisen er plassert diagonalt ovanfor høgsetet på den korte enden av langbordet. I dei to andre hjørna står dei veggfaste sengene, den eine

ofte med eit kjellarskåp og eit framskåp i fotenden. Rundt langbordet er veggfaste benker med kråskåp i hjørna og tallerkenhyller over vindauga. Jamsides peisen heng skivebordet som kan fellast ned, og på stolpen mellom dørene finns ofte eit bostkast, eller børstehylle. Over dørene er dørkrona, ofte med kombinert hyllefunksjon. I taket heng mjølkerekker, eller hyller til å surne mjølka på, samt hjellar framfor peisen.

Andre innhus og uthus på gardane

Eldhuset var grovkjøkenet på garden og vart brukt til mellom anna bakst, slakt og ølbrygging. Badstua vart brukt til å røyke kjøt og fisk. Bygningane er gjerne eittroms laftehus i ei høgde. Eldhuset hadde peis i hjørnet mot inngangen medan badstua hadde ein eldstad midt i rommet, og på dei sota veggane er det fleire hyller, eller benker.

Stallen er gjerne i to høgder, og har høytrev over stallrommet. Hesten hadde høgare status enn feet, noko ein ser i plasseringa til stallen mellom uthus og innhus. Låven er òg lafta i to høgder, med låvebru opp til treskelåven. Fjøset er ein rektangulær bygning i ei høgde, og er oftast plassert med gjødselkjellar under på tvers av ein skråning. Interiøret er

delt opp i båsrekkjer med hengande trau langs kvar langvegg, eller med større bingar på den eine vegg.

Skiensfjorden

Ny byggeskikk gjorde seg først gjeldande langs Skiensfjorden, der embetsstanden og handelsborgarskapet vaks fram på bakgrunn av trelast, skipsfart og handel. Frå midten av 1700-talet vart midtgangshuset med valmtak vanleg. Kontinentale stiluttrykk i stein vart tilpassa norske tilhøve der tre var byggematerialet. Husa fekk etter kvart panel, etterlikning av kvaderstein i hjørna, "ører" og sluttstein over vindauga, og vart malt i lyse steinfargar. I byane på denne tida vart det òg vanleg å innreie med lause møblar, i motsetning til det tradisjonelle, veggfaste inventaret.

Landstader og sommarresidensar

Patrisierslektene rundt Skiensfjorden oppførte landsstader utanfor byane. Fleire av desse sommarresidensane fungerte òg som avlsgardar for eige konsum gjennom vinteren. Det er særleg anlegg frå starten av 1800-talet, med stiltrekk i klassisisme og empire som er bevarte i fylket. I løpet av nedgangstidene utover 1800-talet vart fleire av landstadene gjort om til heilårsbustader.

Mo øvre i Vinje med bygningar frå 1700- og 1800-talet er eitt av få anlegg med fleire bygningar som er freda i Telemark.



Bygardar i tre

I 1886 brann Skien i det som var den største brannen i historia til byen. Det var stort sett berre bydelen Snipetorp (bygd opp etter ein tidlegare brann i 1777), som unngjekk flammene. Her finn ein døme på bevarte bygardar med lafta og panelt hovudbygning i ei eller to høgder, uthus, bryggerhus, gardsplass med portrom og bakhagar.

Klyvegata vest i Porsgrunn har òg bevarte døme på bygardar i tre, med hovudbygning og uthus plassert rundt ein firkantforma gardsplass.

KVA VART FREDA OG KVIFOR?

Dei tidlegaste fredingane i Telemark er frå 1923 og 1924. Dei vart innrapporterte til og gjennomgått av Den antikvariske bygningsnemnd, før dei vart vedtekne av Kyrkje- og Undervisningsdepartementet. Dei såkalla "innberetningene" finst trykte i 1925-årboka til Fortidsminneforeininga.

Dei fleste fredingane i Telemark vart vedtekne i 1923. Desse vart følgt opp med nokre få fredingar i 1924 og 1927, samt nokon fredingar i 1941. På 1950-70-talet vart det freda bygningar på berre 11 eigedomar. Heile 80 % av bygningane som vart freda på 1920-tallet, var representantar for bondekulturen i Øvre og Midtre Telemark. I Nedre Telemark er det herregardar, borgarskaps- og patrisierhus som dominerer. Felles for heile fylket er at det hovudsakleg vart freda einskild- bygningar, som berre stovebygning og/eller loft på gardstuna og hovudbygningen på borgarskapsgardar. Berre nokre få heile gards- og bygardsanlegg vart freda.

Stovebygningar og loft

Stovebygningar og loft i den øvre delen av fylket utgjer til saman halvparten av bygningane som vart freda i Telemark i 1923-78. I "innberetningene" er det tydeleg at det

Då Lov um bygningsfreding trådde i kraft i 1921 vart Den antikvariske bygningsnemnd oppnemnd av departementet.

Det var lovfesta at nemnda skulle bestå av fem menn, der riksantikvaren var ein. Av dei andre medlemene skulle ein vere arkitekt, ein jurist og ein bygningskyndig. Nemnda besto inntil bygningsfredingslova vart erstatta av kulturminnelova i 1978.

er lagt stor vekt på detaljar i eksteriør og interiør i tillegg til byggeskikken. I perioden mellom 1750-1850 blomstra folkekunst som treskurd og rosemåling, og Telemark hadde mange dyktige kunstnarar. I stovene er spesielt rosemåla interiør og snekra inventar ofte framheva. For lofta er det, i tillegg til den omkrinsande svalgangen, lagt særleg vekt på treskurd på hjørnestolpar og beitskier.

Eit døme på ein stovebygning i ei høgd med gjestestove bygd til seinare, er *Gardsjord* i Rauland, Vinje. Stolpene i den opne svala har dekor i form av dobbelt rankeverk i flatskurd. *Mo Øvre* og *Mo Nedre* i Austbø, Vinje, er døme på to freda gardsanlegg. Tuna er bevarte med fjøs, låve, loft, bur, stall, eldhus og badstu, samt stove med lukka sval og rosemåla oppstove. *Bolkesjø* i Gransherad, Notodden, er ein gard med freda svalgangsstove, loft og vengebur. Garden fungerte som skysstasjon på 1700- og 1800-talet. Han vart framstilt i ei rekkje reiseskildringar og var motiv for fleire nasjonalromantiske målarar.

Døme på fredingar som skil seg ut i Øvre Telemark, er mellom anna *Plassen* i Vinje og *Kvammen* i Åmotsdal i Seljord. Plassen er ei toroms husmannsstove, og vart freda på grunn av tilknyttinga til Åsmund Olavsson Vinje som vaks opp her. Kvammen er ein fjellgard med ein eittroms stovebygning med vindfang, loft, fjøs og låve, og er ein av dei få anleggsfredingane frå 1923.

Foto: Hans Olav Stegand © Riksantikvaren



Loft og bur på Djuvland søndre i Vinje. På Djuvland er det òg freda ein stovebygning.

Foto: Unn Yilmaz © Riksantikvaren



Stovebygning på Øvrebø søndre vestre i Hjarptal er eit døme på den typiske einhøgdes, upanelte stova.

Foto: Unn Yilmaz © Riksantikvaren



Snipetorggata 20 er eit tidstypisk borgarhus i tre i gate-miljøet som slapp unna bybrannen i Skien i 1886, og er ein av fem eigedomar på Snipetorp i Skien freda ved felles vedtak i 1954.

Foto: Hans Olav Stegand © Riksantikvaren



Hovudbygningen på Ulefoss hovedgård i Nome av arkitekt Jørgen Henrik Ravert er rekna som det viktigaste arkitektoniske verket frå empiretida i Noreg.

Herregardar, patrisierhus og landstader
Fleire av dei freda herregardane og patrisierhusa, som *Fossum, Vold, Holden, Ulefos Hovedgård* samt *Ulefos Lille* er tilknytt jarnverks- og sagbruksdrifta i Skien og Ulefoss. Ulefos Hovudgard vart bygd som sommarresidens av statsråd og forretningsmann Niels Aall, og sto ferdig i 1807. Bygningen blir i dag rekna som eit arkitektonisk hovudverk frå empiretida i Noreg. Ulefos Lille vart oppført kort tid etter som forvaltarbustad for Aall-Ulefos Brug. Niels Aall kjøpte òg *Brekke Søndre* i Skien, og bygde om anlegget med blant anna fløyer og parkanlegg i engelsk stil mellom 1810-15.

I Brevik, Langesund og Kragerø ligg anlegg som *Cochegården, Tollboden* i Brevik, *Wrightegården, Langesund Gamle Rådhus, Wiborggården og Tåtøy*, som alle kan knytast til skipsreiarar og trelasthandlarar. *Cochegården* vart oppført av kjøpmann Jørgen Chrystie etter brannen i Brevik i 1761. Dei framspringande fløyene til bygningen med valmtak i første høgda, har førebilete i europeisk

byggjeskikk med siderisalittar. Parallellar finst på *Borgestad* i Skien, samt i *Chrystiegården* frå Brevik (no på Norsk Folkemuseum i Oslo).

Borgarskapet sine hus

I Skien og Porsgrunn vart det i tillegg til herregardar og patrisiergardar, òg freda bygningar som høyrde til borgarskapet og embetsstanden, som *Grini Nordre, Sem Nedre, Venstøp Søndre og Nordre, og Klyvvegata 4 og 9*. *Grini Nordre* og *Sem Nedre* er døme på embetsstandshus, nærare bestemt skriver- og fogdebustader.

Våningshuset på *Grini* er eit midtgangshus i to høgder med symmetrisk fasade og ark med gavlmotiv. *Venstøp Nordre* vart kjøpt som sommarbustad i 1833 av Henrik Ibsen sin far, forretningsmannen Knud Ibsen. Allereie året etter vert garden teke i bruk som heilårsbustad for Ibsenfamilien. Nokre år seinare flytta familien frå *Venstøp* til ein bygard i arbeidar-strøket *Snipetorp*. *Venstøp Nordre* vart freda i 1941 og *Snipetorpgata 27 (Ibsenhuset)* vart freda 1954.

Nokre fredingar skil seg ut i *Nedre Telemark*, som *Brennebu* i Nome og *Michel Seylmakers Hus* i Porsgrunn. I 1966 vart *Brennebu* freda som den fyrste fritidshytta og jaktstova i landet. Hytta er bygd i 1815 av den danskfødde baron Egert Løvenskiold, som arva *Holden jarnverk* i 1804. *Michel Seylmakers Hus* er ein svalgangsbygning i Porsgrunn sentrum, og vart freda i 1978. Bygningen skal ha hatt kontinuerlig funksjon som kombinert bustad i første høgda og seglmakarverkstad i andre høgda frå omlag 1750 til 1920, og er eit viktig minnesmerke over Porsgrunn som sjøfartsby.

ERFARINGANE FRÅ FREDINGSGJENNOMGANGEN

I arbeidet med fredingsgjennomgangen har Telemark fylkeskommune vore på synfaringar og gjort registreringar av dei freda husa. Den oppdaterte registreringa og den gode dialogen med eigarane vil vere eit godt grunnlag for det vidare samarbeidet om dei freda anlegga mellom eigaren, fylkeskommunen og Riksantikvaren.

Øygarden søndre i Vinje omfattar åtte bygningar og er eit viktig døme på byggjeskikk og folkekunst i bondemiljøet på 1700- og 1800-talet.

